

8.-9. AUGUST 2009 PÅ OSEN GARD

INVITASJON TIL VIKINGFESTIVAL

For heile familien på Osen gard i Bygstad

I samband med Gaularspelet 2009 har vi den glede å invitere til Vikingfestival på Jarlesetet på Osen gard - 1000 års staden i Gaular kommune. Etter nok eit vellukka arrangement i 2007 prøver vi igjen. Festivalen vil i år bli større og betre.

I år vil mellom anna Sildakongen, Arvid Otto Mørch, vere tilstades, ein kjend sjømann, industribyggjar og folketalar. Gjennom sang, musikk, tale og eit stort HEILNORSK sildakongens "Grand Royal" sildebord vil han glede publikummet sitt.

Festivalen vil som før også ha utstillingar, demonstrasjonar av ymse teknikkar, sal av handverk, omvisning på 1000 års staden, roing med vikingskip, riding på hest, vikingleikar, dyrepark, musikk, dans, vikingmat, gardsmat m.m.

Vi håper at dette verkar spennande og at akkurat DU vil vere med på å lage ein unik festival. Har du ein spesiell hobby eller eit handverk, ring eller send ein e-post og meld deg på.

Bygstad kan by på mange aktivitetar 8.-og 9. august 2009. I tillegg til festivalen har vi 3 framsyningar av vikingdramaet Kjærleikssaum. Les meir om spelet og festivalen i vedlagde foldar.

Det vil bli vikinggilde/premierfest om laurdagen.

Nærare informasjon om Vikingfestivalen på baksida av dette arket. Meir informasjon, sjå nettsida vår: www.gaularspelet.no

Vennleg helsing
Gaularspelet/Vikingfestival 2009

Reidun Bjergene
Leiar Vikingfestival



GAULARSPELET

Vikingfestival i samband med Gaularspelet 8.- og 9. august 2009
Reidun Bjergene, 6977 Bygstad. Tlf: 410 41 891/57 71 98 99.
E-post: Reidunbjergene@gmail.com

VIKINGFESTIVALEN 2009



GAULARSPELET

De kan kome fredag kveld og rigge til dersom de vil, men festivalen er ikkje open denne dagen. Nokre ligg i telt ved festivalen, andre tingar plass på overnattingsstadane i området. For overnatting, sjå: www.vikingfjorden.com

Tidsskjema for festivalhelga:

- Festivalen opnar laurdag 8. august kl 12:00 og varer til kl 22:00
- Gaularspelet (vikingdrama på utescene) har premiere laurdag kl 20:00
- Søndag 9. august er festivalen open frå kl 12:00 – kl 18:00
- Gaularspelet har to framsyningar på søndag; kl 13:00 og kl 16:00

Festivalområdet er ei STOR grasslette bak spelestaden. Utstillarane og salsbodene blir på dette fine området. Plass blir utdelt når de kjem, og storleiken er opp til kvar enkelt (oppgi ved påmelding). Har de telt, paviljong eller lavo som passar inn på ein Vikingmarknad, er vi takksame om de tek det med. Vi kan skaffe telt til utleige etter nærare avtale. Her gjeld "først til mølla" prinsippet. Bord og stolar skaffar vi, og tilgang til straum og vatn.

Prisen pr stand er kr 500,-. Stand med matsal (grilling og liknande) kr 1000,-. Vi reknar med rundt 1500 – 2000 besøkande. Festivalen er etterkvart meir kjend og interessa dei siste åra har vore større. Vi reknar med å doble talet på utstillarar. Vi prøver å få med vikinglag frå heile landet.

PÅMELDING

Via e-post eller brev til festivalleiar – sjå info første side.

I påmeldinga må du opplyse om:

- Namn og adresse
- Telefon og eventuelt e-post
- Info om utstilling/tema
- Storleik på stand
- Eventuelt ønskje om leige av telt
- Behov for straum, vatn, bord, stolar etc

PÅMELDINGSFRIST: 1. MAI 2009

Er det noko du lurer på, så ta kontakt. Vi håpar dette er interessant og håper å høyre frå deg.

VELKOMEN!

